

**Kunnskapsdepartementet**

**Høyringsnotat – forslag til endring i forskrift om tilbakebetaling av utdanningslån**

**oktober 2023**

## Innhald

1	Innleiing .....	3
2	Sletting av gjeld for låntakarar som har tatt kvensk eller samisk i tillegg til femårige lærarutdanningar .....	3
3	Presisering av gjeldssletting for låntakarar som har fullført lærarutdanning i praktiske og estetiske fag.....	4
4	Forslag til forskriftsendringar .....	5
5	Økonomiske og administrative konsekvensar.....	7

# 1 Innleiing

Kunnskapsdepartementet sendar med dette på høyring forslag til endringar i forskrift av 15. desember 2022 om tilbakebetaling av utdanningslån.

Kunnskapsdepartementet foreslår følgande endringar frå 2024:

- å utvide gjeldssletting for låntakarar som har tatt kvensk eller samisk i tillegg til anna utdanning til også å gjelde grunnskolelærarutdanning, lektorutdanning og lærarutdanning i praktisk og estetiske fag
- å presisere at gjeldssletteordninga for låntakarar som har fullført grunnskolelærar- eller lektorutdanning, òg gjeld låntakarar som har fullført lærarutdanning i praktiske og estetiske fag

Dette høyringsnotatet behandlar berre den føresegna som departementet foreslår endra. Satsar som skal gjelde for kalenderåret 2024 vil bli justert etter forventa auking i konsumprisindeks når departementet fastsett forskrifta og er ikkje ein del av høyringa.

## 2 Sletting av gjeld for låntakarar som har tatt kvensk eller samisk i tillegg til femårige lærarutdanningar

### 2.1 Gjeldande rett

Etter forskrift om tilbakebetaling kapittel 10 kan ein låntakar som har tatt kvensk eller samisk språk som ein del av, eller i tillegg til anna utdanning, få sletta opp til 50 000 kroner av gjelda. Ordninga krev at ein låntakar har tatt minst 60 studiepoeng i kvensk eller samisk som *ein del av* samisk grunnskolelærarutdanning, samisk barnehagelærarutdanning, grunnskolelærarutdanning eller lektorutdanning.

### 2.2 Departementet sine vurderingar og forslag

Ordninga med sletting av gjeld for låntakarar som har fullført visse lærarutdanningar vart innført i 2009. Året etter vart ordninga utvida til å gjelde låntakarar med samisk lærarutdanning, for å stimulere fleire til å ta samisk lærarutdanning eller skaffe seg kompetanse i samisk som ein del av lærarutdanninga. Både samisk grunnutdanning som lærar og samisk førskolelærarutdanning vart inkludert i ordninga, for å stimulere til at fleire ville utdanne seg til å kunne undervise i samisk språk. I 2019 vart kvensk språk inkludert på linje med samisk i denne ordninga.

I snitt har berre om lag sju låntakarar kvart år fått sletta lån etter denne ordninga, alle med samisk språk. Til no har ikkje nokon fått sletta gjeld for kvensk språk. Det er vurdert ulike måtar å fremje ordninga på. Det er gjort ein del informasjonsretta tiltak ovafor studentar og lærestader om ordninga. Samstundes er ordninga komplisert å forstå. Fleire lærarutdanningar som har kome i løpet av dei siste åra, faller utanfor ordninga.

Departementet vil ikkje at dette skal føre til at nokon veljar bort kvensk eller samisk i tillegg til lærarutdanninga si. Det er naturleg at gjeldssletting som insentiv for å ta samisk eller kvensk språk i tillegg til ein lærarutdanning, også skal kunne gjeld dei som veljar samisk eller kvensk i tillegg til ein grunnskolelærarutdanning, lektorutdanning eller lærarutdanning i praktiske og estetiske fag. Når dei nyare lærarutdanningane òg gir rett til sletting viss man i tillegg tek 60 studiepoeng eller meir i kvensk eller samisk språk, vil dette skape meir føreseilegheit og kunne bidra til at fleire veljar å fordjupe seg i kvensk eller samisk språk medan dei utdannar seg til å bli lærar.

### 2.2.1 Departementets forslag

Departementet foreslår å utvide ordninga for sletting av gjeld, slik at låntakarar som har tatt minst 60 studiepoeng i kvensk eller samisk språk i tillegg til praktisk-pedagogisk utdanning, barnehagelærarutdanning, grunnskolelærarutdanning, lektorutdanning og lærarutdanning i estetiske og praktiske fag, kan få sletta opp til 50 000 kroner av gjelda.

## 3 Presisering av gjeldssletting for låntakarar som har fullført lærarutdanning i praktiske og estetiske fag

### 3.1 Gjeldande rett

Låntakarar som fullfører femårig grunnskolelærarutdanning eller lektorutdanning på normert tid og som jobbar minst 50 prosent som lærar i tre av dei første seks åra etter avslutta utdanning, kan få sletta gjeld etter forskrift om tilbakebetaling av utdanningslån kapittel 11.

Beløp er avhengig av kva for utdanning låntakaren har fullført. Dei som fullfører femårig grunnskolelærarutdanning trinn 1–7 på normert tid, kan få sletta 106 000 kroner. Dei som fullfører femårig grunnskolelærarutdanning trinn 5–10 eller lektorutdanning på normert tid, kan få sletta 51 000 kroner.

Dersom ein arbeider som lærar i Nordland, Troms eller Finnmark, vil ein få ytterlegare 55 000 kroner av lånet sletta, og for denne delen av gjeldsslettinga. Det er ikkje krav om at utdanninga vert fullført på normert tid for å ha rett til denne delen av slettinga.

Ordninga gjeld for dei som starta på femårig grunnskolelærar- eller lektorutdanning i 2017–2018 eller seinare. Det første kullet som kan få sletta gjeld etter ordninga, er dermed dei som har fullført utdanning i 2022, som då kan opparbeide rett til sletting frå tidigast 2025.

### 3.2 Departementet sine vurderingar og forslag

Ordninga gjeld dei som har fullført grunnskolelærarutdanning eller lektorutdanning. Ordninga blei oppretta i 2018 då den femårlige grunnskolelærarutdanninga blei innført, og skulle bidra til å rekruttere fleire til å velje å ta ei lærarutdanning og begynne i ei undervisingsstilling. Etter at gjeldssletteordninga vart innført, vert det oppretta ei femårlig integrert lærarutdanning i praktisk og estetiske fag (LUPE), som har erstatta den treårlige faglærarutdanninga som fases ut. Fordi lærarutdanninga for dessa faga har gått frå å være ei treårig til ei femårlig utdanning, er det naturleg at denne lærarutdanninga òg gir rett til gjeldssletting, då det vil vere i samsvar med formålet til ordninga.

Denne lærarutdanninga gjelder for trinn 1–13. Sidan dei som fullfører LUPE òg kan undervise i trinn 1–7 kor det er størst behov for å rekruttere nye lærarar, foreslår departementet at dei skal ha rett til same beløp i gjeldssletting som for dei som fullfører grunnskolelærarutdanning trinn 1–7. Jobbar ein minst 50 prosent som lærar i Nordland, Troms eller Finnmark i tre av dei første seks åra etter avslutta LUPE, vil ein også kunne ha rett til å få sletta ytterlegare 55 000 kroner av gjelda si.

Dei første som fullfører LUPE vil kunne ha rett til gjeldssletting frå tidigast 2029 etter både fullført utdanning på normert tid og arbeid som lærar i tre år. For å skape føreseielegeheit og ønsket rekrutteringseffekt, er det viktig for departementet at potensielle studentar veit i forvegen om at også dessa lærarutdanningane kvalifiserer for gjeldslette, og at studentar som er i gong med ei slik utdanning kjennar til rettane sine og vilkåra.

### 3.2.1 Departementets forslag

Departementet foreslår å presisere at øg dei som fullfører lærarutdanning i praktiske og estetiske fag, kan få sletta 106 000 kroner av gjelda si etter vilkåra i forskrift om tilbakebetaling kapittel 11. Utan omsyn til fullføring av LUPE på normert tid vil øg dei som har arbeidd i ei undervisningsstilling i grunnskolen eller i den vidaregåande skolen i Nordland, Troms eller Finnmark i oppteningsperioden, få sletta 55 000 kroner av gjelda si etter vilkåra i kapittel 11.

## 4 Forslag til forskriftsendringar

Departementet foreslår å gjere følgjande endringsforskrift til forskrifta om tilbakebetaling av utdanningslån (endringane i kursiv):

### Forskrift om endring i forskrift om tilbakebetaling av utdanningslån

Fastsett av Kunnskapsdepartementet dd.mm.2024 med heimel i lov 3. juni 2005 nr. 37 om utdanningsstøtte (utdanningsstøtteloven) §§ 8, 9, 10, 11, 12, 13, 14 og 15

I

I forskrift 15. desember 2022 nr. 2259 om tilbakebetaling av utdanningslån blir det gjort føljande endringar:

#### § 58 første ledd skal lyde:

Ordninga omfattar låntakarar som har tatt minst 60 studiepoeng i kvensk eller eit samisk språk i tillegg til ei av desse utdanningane:

- a. praktisk-pedagogisk utdanning
- b. barnehagelærarutdanning
- c. grunnskolelærarutdanning
- d. lektorutdanning
- e. *lærarutdanning i praktiske og estetiske fag*

#### § 60 første og andre ledd skal lyde:

Låntakarar kan få sletta delar av utdanningsgjelda dersom dei har fullført grunnskolelærarutdanning for trinn 1–7 eller for trinn 5–10, *lærarutdanning i praktiske og estetiske fag* eller lektorutdanning for trinn 8–13 på normert tid. Låntakaren skal øg ha vore yrkesaktiv i ei undervisningsstilling i grunnskolen eller i den vidaregåande opplæringa i ei oppteningsperiode etter avslutta utdanning. Ordninga omfattar låntakarar som startar grunnskolelærarutdanning eller lektorutdanning frå og med 2017–2018.

Utan omsyn til fullføring på normert tid omfattar ordninga øg låntakarar som har fullført grunnskolelærarutdanning for trinn 1–7 eller for trinn 5–10, *lærarutdanning i praktiske og estetiske fag* eller lektorutdanning for trinn 8–13, og som i oppteningsperioden har arbeidd i grunnskolen eller i den vidaregåande opplæringa i Nordland, *Troms eller Finnmark*.

#### § 61 første og tredje ledd skal lyde:

Gjeld kan slettast med 106 000 kr for låntakarar som har fullført grunnskolelærarutdanning for trinn 1–7 eller *lærarutdanning i praktiske og estetiske fag* på normert tid.

Gjeld kan slettast med 55 000 kr for låntakarar som har fullført grunnskolelærarutdanning for trinn 1–7 eller for trinn 5–10, *lærarutdanning i praktiske og estetiske fag* eller lektorutdanning, og

som i oppteningsperioden har vore yrkesaktiv i ei undervisningsstilling i grunnskolen eller i den vidaregåande skolen i Nordland, *Troms eller Finnmark*.

II

Endringane trer i kraft 1. januar 2024.

## 5 Økonomiske og administrative konsekvensar

Forslaget om å utvide ordninga for sletting av gjeld for låntakarar som har tatt samisk eller kvensk, har budsjetteffekt frå 2024, og krev løyvingsvedtak i Stortinget. Budsjetteffekt er omtalt under «utdanningsstøtte for vaksne i utdanning» i programkategori 07.80 og under kap. 2410 post 73 i Prop. 1 S (2023–2024) for Kunnskapsdepartementet.

Forslaget om å presisere at òg dei som tek lærarutdanning i praktiske og estetiske fag kan få sletta gjeld etter kapittel 11, kjem som ein del av gjeldssletteordninga for studentar som gjennomfører eit femårig lærarutdanning, sjå strategiar og tiltak under programkategori 07.80 i Prop. 1 S (2017–2018) for Kunnskapsdepartementet. Forslaget har ikkje budsjetteffekt før i 2029, men er omtalt under «utdanningsstøtte for vaksne i utdanning» i programkategori 07.80 i Prop. 1 S (2023–2024) for Kunnskapsdepartementet.

Begge forslaga er forventa å vere administrativt forenklande.